

Herrefoss Kraftverk - høringsfråsegn frå Bø Turlag

Planane om utbygging av Herrefoss Kraftverk må sjåast i samanheng med planane for Oterholtfoss ei mil lengre ned. Vi viser til høringsfråsegn frå Bø Turlag om dette. Slik vi ser det er det sers truleg at Oterholtfoss vert utbygd etter eitt av dei framlagte alternativ. Då er Herrefoss einaste gjenverande fossestryk av noko storleik i Bøelva mellom Seljordsvatnet og Norsjø. Ved at vi mistar det meste av vatnet i Oterholtfoss, vert det avgjerande å behalde Herrefoss. Bruken av dette området til friluftsliv er ikkje så stor i dag, noko bading og fiske. Men med sterkt aukande folketal i Bø, og med ein utbygd Oterholtfoss, kan ein rekne med at bruken vil auke monaleg. Herrefoss er lett tilgjengeleg frå begge sider av vassdraget, med bilveg mest heilt fram til fossen inn frå Rv36, og det same frå Fv156 Garvikvegen frå sørsida. Her er gode badekulpar, og med tilrettelegging slik det er gjort rundt/nedanfor Oterholt, vil denne perla bli mykje bruka. Vi merker oss også at dette prosjektet har dårlegare økonomi enn alle alternativa i Oterholtfoss, med ei utbyggingskostnad på kr 4,78 per kWh. Ei utbygging vil redusere kvaliteten på området både med omsyn til turgåing, bading og fiske.

Bø Turlag går imot utbygging av Herrefoss Kraftverk.

For Bø Turlag
Arne Hjeltnes